

Spørsmål til Fylkesordføreren

Over lang tid har det vore eit sterkt ynskje frå oss politikarar, både på kommunalt og fylkeskommunalt nivå, om at folk i større grad må nytta kollektiv transport når dei skal reisa i Hordaland. I Bergen har me sett gong på gong at lufta er så dårlig at Bergen kommune har sett seg nødt til å innføra restriksjonar på bruk av bil inn til byen.

Frå min heimkommune Tysnes er det mange som ynskjer å nytta seg av kollektivtransport når dei skal til Bergen, og det er sikkert mange frå andre kommunar rundt Bergen som også har lyst til det same. For nokre år sidan mista me direkte bussen til Bergen, då var lovnaden at det skulle komma bussruter som harmonerte med ferjerutene. Det er mykje som manglar på at me er i mål med den lovanden.

Problemet er ikkje viljen til dei reisande om å nytta kollektivtransport men mogeligheita for at dei faktisk kan få det til. La meg ta eit døme Om du reiser frå Bergen og skal til Tysnes med 07.30 ferja frå Halhjem så går ferja akkurat samtidig som 600 bussen kjem ned på kaien. Omvendt så går 600 bussen til Bergen 08.42 som er tre minutt før ferja frå Våge legg til kai. Synes Fylkesordføreren dette fremjer folks mogelighet til å reisa kollektivt ?

Bergen er ein viktig by for oss i distriktet, som mange må reisa til for spesialistbehandling eller for å handle. Då meiner eg at me som Fylkestingspolitikarar ikkje bare må snakka om at det er viktig at folk nyttar kollektivtransport, men faktisk også legg til rette for dette gjennom ruter som «heng saman»

Så mitt spørsmål er om Fylkesordføreren vil ta tak i dette og syta for at dei som har lengst veg til Bergen frå distrikta faktisk kan reisa så «saumlaust» som mogelig, og at ruter som ikkje heng saman vert korrigert ?